

Innovasjon Norge
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/1997-

Dato
27. februar 2026

Statsbudsjettet 2026 Oppdragsbrev Innovasjon Norge

Landbruks- og matdepartementet (LMD) viser til Prop.1 S (2025–2026) frå departementet og Stortingets vedtak av 19. desember 2025, jf. Innst. 8 S (2025–2026). LMD gjev med dette oppdragsbrevet rammer for Innovasjon Norge (IN) si forvaltning av dei næringsretta verkemidla på landbruks- og bioøkonomiområdet for 2026.

Departementet viser i tillegg til supplerande oppdragsbrev til Innovasjon Norge av 30. juni 2025.

1. Oversikt over løyvingar stilt til disposisjon for 2026

For 2026 er følgjande midlar stilt til disposisjon for IN gjennom statsbudsjettet på LMD sitt område:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kroner
1142.81	Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark, <i>kan overførast</i>	19,0
1150.50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	228,0
1150.50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	1 312,5
1150.50/1151.51 ¹	Utviklingsprogrammet	69,5
1152.70	Bionova - Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	185,0
SUM		1 814,0

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kap. 1151, post 51 og er øyremerka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

Det er knytt ei tilsegnsmakt til kap. 1152, post 70. Det kan bli gjeve tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar kan ikkje

overstige 309,0 mill. kroner. Beløpet er det samla beløpet på kap. 1152, post 70 IN kan ha i uteståande ansvar per 31. desember 2026. Tilsegningsfullmakta er delegert vidare til IN.

Vi viser til kapittel 6.1 for nærmare føringar om administrasjons- og gjennomføringskostnader for dei enkelte ordningane.

2. Mål for IN og andre fellesføringar

Vi viser til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) for 2026 for fellesføringar, rapportering og omtale av IN sin målstruktur, jf. også pkt.

3. Oppdraget frå LMD

3.1 Mål og prioriteringar med løyvinga

Dei fire overordna måla for landbruks- og matpolitikken er *matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar*, jf. Prop. 1 S (2025–2026) frå LMD.

Landbruket er ei betydeleg distriktsnæring og til stades i heile landet. Dei samla verdikjedene er viktige bidragsytarar til busetting, sysselsetting, verdiskaping og for den grønne omstillinga det norske samfunnet er i gang med. Overgangen til ein meir sirkulær økonomi ber med seg at bedriftene må integrere denne tenkinga i heile si verksemd. Auka innovasjonstakt i landbruket og i den tilhøyrande industrien må vektleggast.

Landbruksoppdraget til IN skal stimulere til modernisering, omstilling og effektivisering i det tradisjonelle landbruket, og auka sysselsetting, vekst og innovasjon innan andre landbruksbaserte næringar. IN skal òg fremje berekraftig reindrift gjennom oppdraget.

I tillegg skal verkemidla stimulere til meir miljøvennlege energiløysingar for sektoren, mellom anna med mål om auka verdiskaping i skog- og trenæringa, samt teknologiutvikling i landbruket. IN sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å bidra til å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. Det vil variere korleis dei tre delmåla blir vekta i dei enkelte oppdraga.

Løyvinga frå LMD omfattar òg finansiering av aktivitet og drift av Bionova. Bionova skal vere eit av verktøya for å nå Noreg sine klimamål for 2030 og 2035, og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050, ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal også bidra til auka verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare ressursar frå hav og land. IN skal arbeide med å vidareutvikle Bionova som verkemiddel for å nå disse måla.

Ny kunnskap skal bidra til auka foredling og meir effektiv utnytting av landbruket sine mange fornybare biologiske ressursar, og med det nye grønne arbeidsplassar over heile landet. Auka utnytting av dei biologiske ressursane stiller krav til oppdatert kunnskap om berekraftig bruk av areal, der omsyn til miljø og klima blir balansert mot omsynet til næringsutvikling. Det er

framleis viktig å følgje opp *samfunnsoppdraget om berekraftig fôr* med mål om at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal kome frå berekraftige kjelder, og bidra til å redusere klimagassutslepp i matsystema innan 2034. Innsatsen på området skal byggje vidare på det etablerte samarbeidet i verkemiddelapparatet. Tilsvarande vil kunnskap om sirkulære verdikjeder, samt meir berekraftig og effektiv bruk av naturressursar vere relevant for oppfølginga av samfunnsoppdraget om sirkulær økonomi. Det blir vist til tilsvarande føringar i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

3.2 Samarbeid med nasjonale, regionale og lokale aktørar

Det er viktig at det er god dialog mellom verkemiddelaktørane på nasjonalt nivå for best mogleg samordna innsats og god kopling mellom verkemiddel.

Bionova skal i si sakshandsaming trekke på relevant kompetanse i heile IN, og slik sikre ei god samhandling med andre relevante verkemiddel retta mot lønsam utvikling av dei bionæringane basert på ressursar frå hav og land.

Det må etablerast ein god dialog om landbruksoppdraget og Bionova mellom aktørar regionalt og lokalt, som kan legge til rette for forankring, prioritering og kopling av verkemiddel på området. IN må difor vere godt involvert i arbeidet i regionalt partnerskap, bestående av fylkeskommunane, statsforvaltaren, IN sine regionskontor og næringsorganisasjonane i landbruket. Vi ber om at det blir gjort avklaringar mellom IN og fylkeskommunane når det gjeld kva type prosjekt som blir støtta av dei ulike aktørane.

Matnasjonen Noreg skal fortsetje å vere i ei sams ramme for utvikling innan mat og drikke, med sterke koplingar til politikken for reiselivsnæringa. Sterke mat- og reiselivsregionar er utgangspunkt og byggjesteinar for *Matnasjonen Noreg*, og den vidare innsatsen her må utformast i tett samarbeid med dei regionale partnerskapa.

Regionkontora til IN må ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt saman med fylkeskommunane og medlemmer av den regionale partnerskapen elles. Kommunane har ei viktig rolle i mobilisering til næringsutvikling og er forvaltningsleddet som sit nærmast bonden. IN må legge til rette for god dialog med kommunane i næringsutviklingsarbeidet og særskilt i samband med investeringssaker i landbruket. IN skal også ha god dialog med statsforvaltaren, som er fyrstelinje for reindrifta.

3.3 Innspel til strategi for agritech

I samband med Stortingets handsaming av representantforslag om å styrkje innovasjon og agritech i norsk landbruk (Dokument 8:234 S (2024–2025), jf. Innst. 293 S (2024–2025), blei det vedteke at regjeringa skal utarbeide ein eigen strategi for korleis Noreg kan lykkast med agritech gjennom å styrkje utvikling, forskning, auka kommersialisering av agritech i Noreg og adaptasjon i landbruket. I Prop. 1 S (2025–2026) frå LMD er det varsla at regjeringa vil følgje opp vedtaket og starte arbeidet med å utarbeide en strategi. IN må rekne med å bidra med innspel til arbeidet.

4. Nærmare om dei enkelte ordningane

4.1 Bionova

Bionova er eit verktøy for å nå Noregs klimamål for 2030 og 2035, og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050, ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring og bidra til verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare biologiske ressursar frå land og hav. Bionova sine to delmål er;

1. Reduksjon av klimagassutslepp og auka opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå.
2. Auka verdiskaping gjennom ein meir ressurseffektiv og sirkulær bioøkonomi.

Delmål 2 under Bionova vil vere med å bidra til oppfølginga av *samfunnsoppdraget for sirkulærøkonomi*.

Bionova omfattar *Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket*, som får løyving over jordbruksavtalen (statsbudsjettets kap. 1150, post 50) og *Bioøkonomiordninga* med løyving på statsbudsjettets kap.1152, post 70. For 2026 er løyvinga til Bionova delt mellom:

- 228,0 mill. kroner på kap. 1150, post 50 – Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling
- 185,0 mill. kroner på kap. 1152, post 70 – Tilskott til Bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket (Bioøkonomiordninga)

Samla løyving til Bionova blir med det 413,0 mill. kroner for 2026. I tillegg til løyvinga over jordbruksavtalen, vil delar av løyvinga til *Bioøkonomiordninga*, jf. kap. 4.1.1., også kunne nyttast til føremål under *Verdiskapingsprogrammet*.

IN må i 2026 halde fram med å vidareutvikle av Bionova som verkemiddel. Arbeidet med resultat- og effektindikatorar som svarar ut Bionovas mål bør vidareførast. For å få opp gode prosjekt innanfor Bionova sitt målområde må det òg arbeidast med mobilisering, dialog og koordinering andre verkemiddelaktørar, t.d. Enova. Bionova skal og ha dialog med dei biobaserte næringane, og departementet legg til grunn at det rådgjevande porteføljestyre som er etablert for Bionova vil bli trekt inn i relevante utviklingsprosessar for Bionova.

4.1.1 Bioøkonomiordninga

Bioøkonomiordninga skal legge grunnlag for auka innovasjon og verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane innan jordbruk, skog- og trebruk og fiskeri og havbruk. Koplinga mellom blå og grøn sektor er viktig for å utnytte bioressursar, industrielle symbiosar og sidestraumar på tvers av verdikjedane på ein berekraftig måte. Dette inkluderer vidareføring av det etablerte bioøkonomisamarbeidet med Forskningsrådet, som grunnlag for betre strukturering og samspel mellom relevante verkemiddel i og på tvers av verkemiddelaktørane. Det er eit potensial for utvikling av nye

industriprosjekt knytt til norske bioressursar frå land, hav og skog, men det ligg ein betydeleg risiko og utryggeleik knytt til tidleg fase (tillatingar) for nye industriprosjekt. For å leggje til rette for utvikling av viktige biobaserte industriprosjekt kan risikoavlasting i tidleg fase (t.d. utgreiingar) være naudsynt.

Løyvinga for 2026 til *Bioøkonomiordninga* på kap. 1152, post 70 er på 185 mill. kroner.

Løyvinga er ikkje overførbar. Posten har ei tilsegnfullmakt på 309,0 mill. kroner.

Tilsegnfullmakta er styrande for kor mykje uteståande tilsegn ein kan ha under ordninga ved utgangen av året. Det er ikkje anledning til å gå over ramma på tilsegnfullmakta, heller ikkje om det blir knytt stikkord om overføring til posten i 2026, jf. Bevilgningsreglementet og Regelverk for økonomistyring i staten, samt DFØ si «Veileder om statlig budsjettarbeid», pkt. 5.5.2.

4.1.2 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Det er for 2026 avsett 228,0 mill. kroner til *Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling* på kap. 1150, post 50 Landbrukets utviklingsfond. Hovudtyngda av innsatsen på området bør bli prioritert opp mot IN sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter.

I tråd med føringar frå jordbruksoppgjeret 2025, jf. Prop. 149 S (2025–2026), skal *Verdiskapingsprogrammet* ta eit heilskapleg ansvar for utvikling av gode klima-, miljø- og energiløysingar for landbruket. Programmet kan gjennom dette gje eit viktig bidrag til å nå målet i klimaavtalen for jordbruket. Verdiskapingsprogrammet skal og bidra til å introdusere ny teknologi og bruk av fornybar energi i landbruket, samt til produksjon av energi for leveranse til andre samfunnssektorar basert på ressursar frå landbruket.

Bioenergi er ein sentral del av programmet si satsing på fornybar energi. Det er høve til å gje investeringsstøtte til anlegg som kombinerer straumproduksjon frå solceller med løysingar for energilagring. Det kan òg bli gitt støtte til kombinerte el-/varmeanlegg basert på biobrensel (CHP-anlegg), samt støtte til investering i fornybare energianlegg generelt, for å dekkje energibehovet i eigen landbruksproduksjon. Så lenge det er eit potensial for å auke talet på mindre gardsanlegg for bioenergi, bør slike anlegg bli prioritert. For å bidra til å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket, vil produksjon av biokol og biogass vere viktig å satse på framover. Produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergiproduksjon er eit viktig utviklingsområde. Andre teknologiar eller tiltak som kan gje auka karbonopptak eller -binding skal også vurderast. Utover dette skal det leggjast vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta. Eit område der ein kan forvente auka investeringsbehov framover, er i biorestlager og gardsanlegg, gitt målet om auka utnytting av husdyrgjødsel til produksjon av biogass.

Programmet omfattar òg støtte til utviklings- og utprøvningsprosjekt for å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar på gardsnivå som i tillegg til reduserte klimagassutslepp og redusert miljøbelastning, skal bidra til auka konkurransekraft for næringa. Det kan og løyvvast støtte til innfasing av ny teknologi. Her vil det m.a. vere viktig å kople

leverandørindustri og bonde for å utvikle teknologi og løysingar som ennå ikkje, eller i liten grad, er tatt i bruk.

Bruk av metanreduserende fôrvarer vil være et viktig bidrag på vegen mot å innfri klimaavtalen med jordbruket. Det er behov for å sjå nærare på kva for rolle Bionova kan ha for å bidra til naudsynte investeringar for tildeling av slike fôrvarer.

4.2 Tilskott til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-tilskott)

Tilgang på investeringsverkemiddel er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midla skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringar. Hovudtyngda av innsatsen innanfor IBU-midla bør knytast opp mot IN sine mål om fleire vekstkraftige bedrifter.

I jordbruksoppgjeret 2025 blei det satt av 1 312,5 mill. kroner over kap. 1150, post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket for 2026. Auken i ramma skuldast særleg behovet for omstilling til lausdriftsfjøs for storfe, særskilt for små og mellomstore mjølkebruk. Geografien og dei spreidde naturressursane i Noreg gjer at det ofte er krevjande eller lite formålstenleg å auke produksjonsvolumet på mange av dei aktuelle gardane utan at det fører til økonomiske stordriftsulempar og/eller større behov for kraftfôr. Fleire av gardane som skal leggje om til lausdrift dei komande åra har allereie eit produksjonsvolum og eit dyretal tilpassa storleiken og ressursane på garden. Avtalepartane har prioritert investeringstilskott til bruk som vil leggje om til lausdrift, men som ikkje har naturressursar på garden til å kunne auke storleiken på buskapen eller volumet i mjølkeproduksjonen. Målet er å bidra til at så mange som mogleg med båsfjøs kan leggje om, og at dei som ønsker det har høve til vidare aktiv drift med tilsvarande, eller om lag same, produksjonsvolum og storleik på buskapen etter omlegging til lausdrift.

Investeringar i seter skal i tillegg vere prioritert i områder der det er relevant. Investeringar i setrene skal bidra til at denne unike delen av berekraftig norsk matkultur, som har ein særleg verdi i verdssamanheng, kan leve vidare.

I tillegg kjem generelle behov for oppgradering av driftsapparatet innanfor andre produksjonar for å imøtekomme krav til dyrevelferd.

Det er naudsynt at både rådgjevingsapparat og IN tek ei aktiv sparringsrolle i samband med investeringsprosjekta. Målet må vere å bidra til fleire økonomisk berekraftige prosjekt for små og mellomstore bruk. IN har, i forlenginga av si rolle som sparringspartner, høve til gi støtte til ressurskartlegging i forkant av sjølvne investeringsprosjekta, og det kan nyttast IBU-midlar til dette. IN blir bedt om å vurdere korleis noverdiberekninga av investeringar betre kan synleggjerast i arbeidet med søknader om investeringsverkemidlar.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling skal leggjast til grunn for forvaltninga av midlane. Følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar gjeld for 2026:

- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte. Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med inntil 30 kyr utan at det medfører krav til auke i produksjonsvolum eller storleik på besetninga.
- Maksimal støtteandel til omlegging til lausdrift på bruk som skal ha drift med inntil 30 årskyr blei auka frå 50 pst. til 55 pst. Endringa blei innført 1. januar 2026 og gjelder alle storfeprodusentar som skal legge om til lausdrift (jf. FOR-2025-12-17-2620).
- Maksimal støtteandel blei auka til 65 pst. for investeringar i lausdrift for storfe og i svineproduksjon i Nordland, Troms og Finnmark. Endringane blei innført 1. juli 2025 (jf. FOR-2025-06-30-1365). Investeringsstøtte til nyetableringar av svineproduksjon i Troms og Finnmark er vidareført.
- Investeringsstilskott til seterfjøs og tilhøyrande infrastruktur til seterdrift skal prioriterast.
- Omsyn til dyrevelferd skal prioriterast høgt. Dette gjeld for alle typar produksjonar og produksjonsformer.
- Investeringsstøtte til tørke og lager for bruk med økologisk kornproduksjon prioriterast.
- Investeringar som følgje av EUs økologiregelverk prioriterast.
- Støtte til investeringar innan korn, frukt-, grønt-, potet-, og veksthusnæringa skal prioriterast.
- Det kan gjevast investeringstilskott til bygging og oppgradering av gjødsellager med tekniske løysingar som reduserer utslepp til luft og vann, samt tilsvarande lager til biorest og anna organisk gjødsel. Felleslager for biorest kan støttast.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget og økonomien på bruket.
- Støtte til investeringsprosjekt som gjev auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Det kan gjevast inntil 100 mill. kroner i risikolån der tapsavsetninga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.
- Strategiske føringar frå det regionale partnerskapet er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike områder i den enkelte regionen/fylket. Faglaga skal inngå i dei regionale partnerskapa.
- Nasjonal pott til lausdriftsinvesteringar for storfe er vidareført.
- Unytta midlar ved årsskiftet skal inndragast og fordelast ut att til samlege fylker.

Innanfor dei ordinære vurderingane av lønnsemd blir IN oppmoda om å nytte handlingsrommet for utmåling av tilskott. Det er særleg viktig i fylka med den høgaste delen bås fjøs for storfe.

IN har ut over dette høve til å fastsette sakshandsamingsstandandar for ein meir einskapleg sakshandsamingspraksis.

IN kan òg gje støtte til fellesskapsprosjekt retta mot bedrifter frå desse midlane.

IN har ansvaret for kåringa av årets bedriftsutviklar i landbruket (bedriftsutviklingsprisen), og kan nytte IBU-midler til dette tiltaket etter nærmare dialog med LMD.

Per 31. desember 2025 var samla unytta ramme i fylka på 14,78 mill. kroner. I samsvar med føringar frå jordbruksavtalepartane vert dei unytta midla dratt inn og fordelte ut att til alle fylka. Fordelinga av fylkesrammer 2026 og unytta fylkesrammer 2025 går fram av tabellen under.

Fylke	Fylkesrammer 2026, mill. kroner*	Omfordeling fylkesrammer 2025, mill. kroner	SUM
Østfold	43,24	0,56	43,81
Akershus	38,34	0,50	38,83
Innlandet	173,40	2,25	175,65
Buskerud	51,25	0,67	51,92
Vestfold	34,33	0,45	34,78
Telemark	42,32	0,55	42,87
Agder	68,46	0,89	69,34
Rogaland	91,07	1,18	92,25
Vestland	159,83	2,07	161,91
Møre og Romsdal	83,79	1,09	84,88
Trøndelag	177,98	2,31	180,29
Nordland	81,33	1,06	82,39
Troms	54,93	0,71	55,64
Finnmark	38,03	0,49	38,52
SUM	1138,30	14,78	1153,08

*Totalsum ekskl. avsetting til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 74,2 mill. kroner jf. pkt. 6.1 og nasjonal lausdriftsramme på 100 mill. kroner.

Som følgje av behovet for å prioritere investeringsprosjekt for å imøtekomme lausdriftskravet innan storfeproduksjon som trer i kraft i 2034, er nasjonal pott til lausdriftsinvesteringar for storfe vidareført for 2026. Det blei satt av 100,0 mill. kroner for 2026 i jordbruksoppgjeret for 2025. I tillegg blei det løyvd 100,0 mill. kroner i salderinga av statsbudsjettet for 2025, jf. supplerande oppdragsbrev datert 22. desember 2025. Den samla ramma for den nasjonale potten i 2026 er etter dette på 200,0 mill. kroner. LMD legg til grunn at IN vidarefører sakshandsamingsreglane for når den nasjonale potten kan belastast. Støtta frå den nasjonale potten bør samsvare med praksis for støtte i tilsvarande saker med fylkesvise midlar. Det skal rapporterast særskilt på bruken av desse midla som del av IBU-årsrapporteringa. Departementet viser i tillegg til supplerande oppdragsbrev av 30. juni 2025, det IN fekk i oppdrag å gjere eigne vurderingar av nasjonal pott til lausdriftsinvesteringar fram til jordbruksoppgjeret i 2026.

4.3 Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Ramma til Utviklingsprogrammet for 2026 over jordbruksavtalen kap. 1150, post 50 er på 61,0 mill. kroner, og det er tildelt 8,2 mill. kroner over reindriftsavtalen, kap. 1151, post 51, til den reindriftsbaserte delen av programmet. IN bør prioritere hovudtyngda av innsatsen sin under Utviklingsprogrammet opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

Utviklingsprogrammet er eit viktig verkemiddel for at regjeringa sitt mål om at omsetjing av lokalmat og drikke på 25 milliardar kroner innan 2035 skal bli nådd.

I jordbruksoppgjeret 2025 blei avtalepartane samde om at IN skal arbeide med å mobilisere til ordningane under programmet, og vurdere justering av verkemidla for å treffe behova hos verksemdar innanfor ande landbruksbaserte næringar betre. Det skal arbeidast vidare med å auke talet på reiselivsprosjekt, mellom anna prosjekt som styrker koplinga mellom mat- og drikkeprodusentar og reiselivsaktørar, til dømes knytt til mat langs vegen og andre. Det skal også arbeidast vidare med å følgje opp handlingsplanen for næringsutvikling basert på haustbare viltressursar, særskild må reiselivsprosjekta vurderast inn i arbeidet med oppfølginga av handlingsplanen.

IN skal òg arbeide med å utvikle dei landbruksbaserte næringane slik at dei kan levere til det offentlege, dette gjeld òg *Inn på tunet*-tenester. Arbeidet må sjåast i samanheng med det allereie iverksette pilotprosjektet i Innlandet, samt andre erfaringar frå liknande arbeid, slik som *Inn på tunet* løftet 2.

IN skal fortsett sjå innsatsen retta mot landbruk og reindrift i samanheng.

Aktiv innsats på reinområdet – styrking av reinkjøtt- og vidareforedlingsbedrifter

IN skal prioritere aktiv innsats og god tilrettelegging overfor reinkjøttbedriftene, og ha stor merksemd på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av verkemiddelapparat IN rår over. Arbeidsmetodikken for bruk av midlane over reindriftsavtalen skal vidareførast.

Marknadssituasjonen for reinkjøtt næringa er krevjande, og det stilles klare forventningar til ein profesjonell og innovativ reinkjøttbransje. Verksam konkurranse i verdikjeda for reinkjøtt er ein viktig føresetnad for avsetning og prisdanning for reinkjøtt. I reindriftsavtalen 2025/2026 framheva avtalepartane ei målsetting om ein slakte- og vidareforedlingsstruktur som gjev reindrifta moglegheit til å få slakta, og som stimulerer til ein sunn konkurranse om kjøp og sal av reinkjøtt. IN skal ha tett kontakt med styret for *Reindriftens utviklingsfond* og *Markedsutvalget for reinkjøtt* i arbeidet med denne målsettinga. Saman med ei satsing på produktutvikling er ei tilrettelegging for konkurranse om kjøp og sal av reinkjøtt ei særleg prioritering.

Vidare skal Utviklingsprogrammet ha ei særleg satsing på produktutvikling, og da spesielt av produkt med høg meirverdi, for auka verdiskaping og lønnsamheit. Avtalepartane einige om at IN skal vidareføre arbeidet med å styrke reinkjøttbedrifter gjennom tiltak innanfor vidare forretnings, produkt- og marknadsutvikling.

Deltaking på matarrangement medverkar til auka merksemd kring reinkjøttprodukta frå små reinkjøttbedrifter med avgrensa middel til eiga marknadsføring, i tillegg til kompetansebygging i bedriftene. IN skal, saman med *Markedsutvalget for reinkjøtt*, leggje til rette for at fleire reinkjøttbedrifter kan delta på ulike matarrangement. Det er ein føresetnad at reinkjøttbedriftene står på felles stand. Det er IN som gjer utvalet av bedrifter som gis anledning til å delta på dei ulike arrangementa. Departementet viser til at det i reindrifftsavtalen for 2025/2026 vises til viktigheita av at reinkjøttbransjen har ein felles møtearena i løpet av året, og at det årleg gjennomførast ein reindrifftskonferanse.

Departementet viser til at det reindrifftsbaserte reiselivet er ei god moglegheit som tilleggsnæring for fleire i reindrifta, og ber om at IN vidarefører arbeidet med utvikling på dette området. Departementet viser også til moglegheitene for å kombinere reiselivstilbod med eit tilbod innanfor lærings- og omsorgstenester, og at IN i samarbeid med Statsforvaltaren i Troms og Finnmark skal bidra til å legge til rette for slike bedriftsetableringar.

Evalueringa av Lærings- og omsorgsbaserte tenester, levert i 2024, viste til eit behov for nettverksbygging mellom tilbydarar av desse tenestene. Som oppfølging av dette er avtalepartane i reindrifftsavtalen 2025/2026 einige om at IN i møte med styringsgruppa for Lærings- og omsorgsbaserte tenester drøftar kva ordningar IN kan bidra med for nettverksbygging, bedriftsutvikling og auka lønsemd for tilbydarar av slike tenester.

Vidare er det i reindrifftsavtalen 2025/2026 lagt vekt på at ordningar som støttar opp under tilleggsnæringar i reindrifta, og som er finansiert over reindrifftsavtalen, vert koordinert og dreg i same retning. Det er derfor behov for felles møteplass for *Markedsutvalget*, *Utviklingsprogrammet*, *Ut på Vidda* og *Reindriftens Utviklingsfond*. Departementet ber om at IN tek eit særskilt ansvar for dette og at ei slik samhandling ligg til grunn for IN sitt arbeid med tilleggsnæringar.

Auka synleggjering og omdømmebygging

Ein viktig del av Utviklingsprogrammet er prosjekt og tiltak som bidreg til auka synleggjering og omdømmebygging av norsk mat og landbruk. Departementet viser til supplerande oppdragsbrev sendt 30. juni 2025 der IN er beden om å arbeide med innretninga på omdømmeporteføljen.

4.4 Omstillingsmidlar for pelsdyrnæringa

IN forvaltar ei ordning med midlar til omstilling for pelsdyroppdrettarar på kap.1142, post 78. For 2026 er det ikkje gjort framlegg om løyving, men det vil framleis vere ansvar for tidlegare gitte tilsegn, der heile beløpet enno ikkje er utbetalt.

4.5 Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark

På kap. 1142, post 81 er det løyva 19 mill. kroner til Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark for 2026. Tilskottet skal gå til utviklings- og innovasjonsprosjekt i næringsmiddelbedrifter som nyttar råvarer frå jordbruket eller reindrifta. Ordninga skal bidra til å styrkje forsyningssikkerheita av matvarer for befolkninga i dei to fylka.

Tilskottet kan mellom anna nyttast til kompetansebygging, produktutvikling og marknadsbygging. Tilskott skal i utgangspunktet ikkje prioriterast til større investeringar i bygg og anlegg, med mindre ramma for løyvinga mogeleggjør dette.

Tilskottet kan berre bli gitt til prosjekt som omfattar varer som fell utanfor verkeområdet til EØS-avtalen, jf. art. 8(3). I den grad bedrifta òg bruker RÅK-vare i sin produksjon, må det førast delt rekneskap mv. for dei to råvaregrunnlag. Tilskottet kan bli gitt for både norsk og importert råvare frå reindrift og jordbruk, i samsvar med WTO-regelverket.

Posten har stikkordet «kan overførast», men ikkje tilsegnfullmakt. Departementet vil ha kontakt med Innovasjon Norge om ordninga.

4.6 Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kap. 2421 NFD)

IN kan, som tidlegare, gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over NFD sitt budsjett. Det er viktig at IN i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

5. Administrative fellesføringar

Departementet viser til punkt 5 og dei administrative fellesføringane frå departementa i oppdragsbrev for 2026 frå NFD om føresetnader og krav, samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering.

6. Departementsspesifikke administrative føringar

6.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader (AG-kostnader) utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkja av løyvinga over NFD sitt budsjett kap. 2421, post 70. For ordningar som IN forvaltar for LMD skal AG-kostnadene spesifiserast på kvart program/ordning. Rapport for AG-kostnadar skal vere klar til kvart halvårsmøte mellom LMD og IN.

Det er gjort ein gjennomgang av AG-kostnadene for 2026 med bakgrunn i vurderingar og innspel frå IN. For ordningar under LUF og RUF kor det har vore mindreforbruk i 2025 blir mindreforbruket nytta til å dekkje deler av AG-kostnadene for 2026. LMD sin del av meirkostnader ved INs arbeid med ny kjernebank og integrasjon mellom

sakshandsamingssystem og ny kjernebank skal dekkjast innanfor ordningane IBU-ordninga, Bioøkonomiprogrammet og VSP fornybar. Om vesentlege endringar i oppgåveporteføljen i løpet av året skulle føre til risiko for at rammene blir overstige, ber vi om at IN tek kontakt med departementet. AG-kostnader for 2026 går fram av tabellen under.

Tal i mill. kroner:

Ordningar og oppdrag	AG-kostnader 2026	Del dekkav unyttaramme 2025	Digitalisering 2026	Trekk av ramma for 2026*	Total AG og digitalisering 2026
Midlar til investering og bedriftsutvikling, LUF	70,6	3,2	6,8	74,2	77,4
Utviklingsprogrammet, LUF	8,0	3,5		4,5	8,0
Utviklingsprogrammet, RUF	2,5	0,6		1,9	2,5
Næringsmiddelbedrifter Troms og Finnmark	0,5	-		0,5	0,5
Bionova					
VSP fornybar og teknologiutvikling, LUF	9,5	0,4	2,9	12,0	12,4
Bioøkonomiordninga	16,0		3,4	19,4	19,4
Sum	107,1	7,7	13,1	112,5	120,2

* Kolonna Trekk av ramma for 2026 viser kor mykje av tildelte midler under den enkelte ordning som blir satt av til AG-kostnader for 2026.

AG-kostnadane for IBU-ordninga inkluderer også kostnader ved dei fylkesvise bedriftsutviklingsprisane og den nasjonale bedriftsutviklingsprisen (BU-prisen). Eventuelle administrasjons- og gjennomføringskostnader til deltaking på Grüne Woche skal trekkjast frå løyvinga til *Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping*, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over prosjektkostnadane til deltaking på Grüne Woche skal godkjennast av departementet.

6.2 Utbetaling, rapportering og styringsdialog

6.2.1 Overføring av midlar, rekneskapsføring og rapportering

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for *Landbrukets utviklingsfond* (LUF). For ordningar under LUF som blir forvalta av IN, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. IN utbetalar og fører rekneskap for tilskott/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. IN må vidareføre kontakta med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Landbruksdirektoratet har også det administrative hovudansvaret for *Reindriftas utviklingsfond* (RUF). For tildelingar frå RUF, skal det også leggjast opp til periodisk overføring av

midlar frå Landbruksdirektoratet til IN (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsoppmoding frå IN.

6.2.2 Rapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå NFD. Det skal rapporterast på bruken av IBU-midlane frå IN sine distriktskontor til fylkeskommunane. Rapporteringa skal inngå i rapporten IN elles sender til fylkeskommunane. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionale føringar frå partnarskapen. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

6.2.3 Styringsmøte m.m.

Det vil bli lagt opp til to styringsmøte mellom LMD og IN i 2026. Fyrste styringsmøte er satt til 15. juni 2026.

Med helsing

Kristin Orlund (e.f.)
avdelingsdirektør

Grethe Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Agder fylkeskommune
Akershus fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Kommunal- og distriktsdepartementet
Landbruksdirektoratet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Norges Bondelag
Norges skogeierforbund
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
NORSKOG
Nærings- og fiskeridepartementet
Oslo fylkeskommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Innlandet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Statsforvalteren i Nordland
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Statsforvalteren i Trøndelag
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland
Buskerud, Oslo og Akershus Statsforvalteren i Østfold
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Østfold fylkeskommune